

KOMMUNEDELPLAN FOR  
IDRETT, FRILUFTSLIV OG  
FYSISK AKTIVITET  
2017-2021

Fjaler kommune

## 1. FORORD:

Verdien av idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er godt dokumentert, som gode verkemiddel i helsefremjande og førebyggjande arbeid. Regelmessig fysisk aktivitet fremjar livskvalitet og helse, gjev dokumentert positiv helseeffekt og reduserer risikoen for utvikling av ei rekkje helseplager. Arenaer for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet representerer også viktige sosiale møteplassar og stimulerer til ein positiv livsstil.

I Fjaler kommune er dette forankra i samfunnsdelen av kommuneplanen. Fjaler kommune meiner at ein får eit godt liv i ein kommune som er godt tilrettelagt for at innbuarane kan driva idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet ut frå egne ynskje, behov og føresetnader.

Fysisk aktivitet er særleg viktig for barn sine motoriske ferdigheiter – og gjennom staten sine føringar har vi eit særleg ansvar for gruppene barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år). Når det gjeld ungdom er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstillar ungdommen sin trong for utfordringar og variasjon. Ungdom må gjevast høve til å medverke i utforminga av anlegg. At ungdommen blir myndiggjort i ein slik prosess er eit viktig element innan helsefremjande arbeid.

Det offentlege har eit særskilt ansvar for å utvikle tilbod til ulike grupper som av ulike årsaker fell utanfor etablerte ordningar, eller som treng spesiell tilrettelegging.

## 2. SAMANDRAG:

Gjennom denne planen ynskjer vi å få fram politiske målsettingar innafor området idrett og fysisk aktivitet. Det er freista å laga eit dokument som er realistisk og mogeleg å gjennomføre i den neste perioden. Vi har laga fire hovudmål og knytt tiltak til desse. Det er i hovudsak kulturkontoret og folkehelsekoordinator som er ansvarleg for å følgje dette opp. Det er ikkje lagt opp til mange tiltak som krev meir økonomiske ressursar – vi prøver å klare oss innafor dagens budsjettammer og ekstern finansiering.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er også eit måldokument for korleis ein vil at utbygging av anlegg skal vera dei neste fire åra. Vi har berre tatt inn anlegg som er ferdig planlagt – nye anlegg kan rullerast inn årleg frå langtidsplanen.

## 3. INNHALDSFORTEIKNING

1. Forord
2. Samandrag
3. Innholdsforteikning
4. Bakgrunn og føremål med planen
5. Utviklingstrekk i kommunen
6. Generelle utviklingstrekk i samfunnet
7. Kommunen sin idrett og friluftspolitikk
8. Resultatvurdering av førre plan
9. Forhold til andre deler av kommuneplanen

10. Planprosessen
11. Skildring av nositasjonen for kommunen
12. Vurdering av aktivitet og framtidige behov
13. Handlingsprogram for anlegg og planlagt gjennomføring
14. Langsiktig del

## 4. BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN

- Få fram politiske målsettingar innafor området idrett og fysisk aktivitet
- Få ei reell vurdering av kva vi treng av anlegg og område for idrett fysisk aktivitet og friluftsliv og rehabilitering av desse.
- Vurdera kven av desse anlegga som bør prioriterast frå kommunen si side når det gjeld spelemidlar.
- Vere til hjelp for organisasjonane si planlegging og prioritering.
- Sikre ei plan- og målstyrd utbygging og rehabilitering av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og friluftsliv.
- Styrke grunnlaget for finansiering av utbyggingskostnader.
- Vere grunnlag for budsjett- og økonomiplanarbeidet i kommunen – både administrativt og politisk.
- Utvikle gode opplegg for drift og vedlikehald.
- Få fram grunnlag for planlegging i fylkeskommunen.

### DEFINISJONAR:

#### **Fysisk aktivitet:**

Fysisk aktivitet er å rekne som all form for rørsle utført av skjelettmuskulatur, som medfører energibruk utover kvilenivå. Fysisk aktivitet er eit overordna omgrep i denne planen. I dette omgrepet ligg også organisert og eigenorganisert friluftsliv og idrett.

#### **Idrett:**

Aktivitet i form av mosjon, trening og konkurranse i den organiserte idretten som og legg til rette for eigenorganisert aktivitet.

#### **Friluftsliv:**

Kan vera både organisert og eigenorganisert aktivitet. Opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar.

#### **Folkehelse:**

Folkehelsearbeid er omtala i folkehelsemeldinga som «samfunnet sin samla innsats for å svekke det som medfører helserisiko og styrke det som bidreg til betre folkehelse».

Folkehelse er ikkje omtala i planen med spesifikke handlingar eller strategiar, men som viktige perspektiv og grunngevingar for dei prioriteringar som skal skje i høve dei andre områda.

Andre omgrep som er bruka i planen som det er viktig å gje omgrepsavklaring på er:

**Helsefremjing:**

Å skape ressursar for helse, gjennom bl.a. å stimulere individuelle, sosiale og politiske handlingar (herunder strukturelle grep)

**Forebygging:**

Å hindre at sjukdom oppstår og utviklast, samt redusere risiko for skade eller død .

**Idrettsanlegg:**

I spelmiddelfordelinga opererer departementet med fylgjande klassifisering av anlegg:

**Nærmiljøanlegg** – anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg knytt til bu eller opphaldsområde. Skal ikkje utformast for å dekke behovet for anlegg for organisert idrettsleg aktivitet.

**Ordinære anlegg** – er knytt opp til konkurranse- og treningsverksemd for den organiserte idretten.

**Friluftsområde og friområde:** Fellesnemning på grønne område som er tilgjengelege for allmenta si frie ferdsle.

## 5. UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN

Kommuneplanen sin samfunnsdel gjeld frå 2014-2025. Fjaler er ein kystkommune på sørsida av Dalsfjorden i sørvestre delen av Sogn og Fjordane. Kommunen er relativt liten i folketal med om lag 2830 innbyggjarar. Folketalet har dei siste åra ein svak tilbakegang på 0,67% frå 2830 ved utgangen av 2015 frå 2849 i inngangen i 2008. I same periode har kommunesenteret Dale hatt ein veldig stor auke med 10,28 % auke i dei to grunnkretsane Bjerga/Bortheim/Jarstad og Dale/Sletteland og nedgong på nesten 19% for dei to grunnkretsane Våge og Lone som ligg i ytre deler av kommunen frå 374 i 2007 til 303 i 2016 (Kjelde: Fylkesspegelen)

Eit rikt organisasjonsliv med allsidige kultur-og fritidstilbod, gode skular og barnehagar, og flott natur, gjer Fjaler til ein god og trygg stad å bu og vekse opp i. Samstundes har Fjaler lange tradisjonar for å opne seg mot omverda og ta i mot nye menneske og kulturar. Røde Kors Nordisk United World College, Nordisk kunstnarsenter og europeisk utvekslingsprogram for ungdom(volontørar) gjev Fjaler ein internasjonal dimensjon som få andre kommunar av same storleik kan vise til.

På grunn av institusjonsdrift på slutten av 1980-talet, er Fjaler blant dei kommunane i Noreg med flest psykisk utviklingshemma ift. folketalet. Desse har nokon tilrettelagte tilbod, som for eksempel bading i regi av Fjaler Revmatikarlag og fotball i Fjalerhallen som er eit samarbeid mellom UWC og Fjaler kulturkontor. Mange av desse er flinke til å sykle og gå til og frå arbeid og fritidsaktivitetar. Den nye turvegen langs Storelva i Dale frå Svehogen til Jarstadbrua har fått ei plassering som passar mange av bufellesskapa og som gjev ein turveg som nesten er universelt tilgjengeleg i nærområdet – og er eit døme på eit tiltak som kan nyttast av denne gruppa.

Noko som skil Fjaler frå andre små utkantkommunar er at Fjaler er ein skulekommune med ein fylkeskommunal vidaregåande skule, samt United World College i Flekke. Dette gjer at Fjaler har ein større del av befolkninga som er ungdommar. Mange av desse bur berre i kommunen i dei åra dei går på vidaregåande, og har ikkje familien med seg i desse åra. Dette medfører at Fjaler kommune må ha særskilt fokus på denne gruppa. God infrastruktur, transport til og frå aktivitetar og at det fins tilrettelagte møtestader der ungdommar kan møtast for fysisk aktivitet er viktige faktorar for at ungdommar framleis er fysisk aktive.

Fjaler er heldig å ha eit rehabiliteringssenter og eit internasjonalt gymnas i kommunen. Desse er samlokalisert på Haugland i Flekke. Målet er at pasientane/elevane her og dei fastbuande kan ha gjensidige interesser og at senteret kan ha positive ringverknader for heile kommunen. Området på Haugland er godt opparbeida med anlegg som også vert bruka av lokalbefolkninga, for eksempel to basseng og område for bading, kajakk/kano og vassport. UWC har også fått etablert ein ballbenge sidan førre plan som eit positiv tilskot.

Ei bru over Dalsfjorden stod ferdig i desember 2013. Dette gav Fjaler ei markant enklare tilkomst til fjellområdet rundt Fossedalen som ein tidlegare måtte ha båt for å komma til. Turgruppa til Dale idrettslag har laga ein tursti frå parkingsplassen på Ottersteinen bort til turområdet i Fossedalen som vart offisielt opna august 2015 med informasjonstavel for heile området. Den samme gruppa har også rydda og merka stiar i dette området sjølv om den ligg «utanfor deirans domene».

Kommunen har eit mangfald av lag og organisasjonar som jobbar for at befolkninga skal ha ulike aktivitetar å ta i bruk. Ei oversikt over desse vert kvart år samla i brosjyren "Fritida mi" som vert utgjeven av kultureininga i kommunen. Det er viktig at dette mangfaldet av fritidsaktivitetar vert brukt til det beste for borna i kommunen – det er viktig at frivillige lag og organisasjonar samarbeider og informerer om sine aktivitetar slik at ein ikkje ender opp med å «konkurrere» om ungene.

#### Informasjon henta frå Folkehelseprofil 2016 og kommunehelse statistikkbank – Fjaler.

Fjaler kommune scorar høgare enn landsgjennomsnittet på trivsel i 7. og 10. klasse. Denne trenden har vore stabil frå 2006 til i dag. Fjaler kommune scorar derimot lågt på meistringsnivå i lesing og rekning i 5. klasse, der 35% og 30% av elevane ligg på lågaste meistringsnivå. Fråfallet i vidaregåande er lågare enn på landsbasis på 14%, men ein bør jobbe forebyggjande for å redusere fråfall ytterlegare.

I Fjaler kommune ligg vi kring landsgjennomsnittet på overvekt blant unge, lungekreft og type 2-diabetes. I høve overvekt for kvinner og hjarte- og karsjukdommar og bruk av medisin mot hjarte og karsjukdom ligg Fjaler noko over landsgjennomsnittet. Når det kjem til nye kreft-tilfeller ligg Fjaler over landsgjennomsnittet på forekomst av tjukk- og endetarmskreft blant kvinner og menn, samt prostatakreft for menn. Dette slår også ut på dødlighet. Kreft som dødsårsak er vanlegare i Fjaler kommune enn på landsbasis. Elles er det endringar i befolkningsamansetjinga som følgje av ein større prosentandel eldre, noko som medfører eit større press på helse og omsorgssektoren i dag og ytterlegare i åra som kjem.

## 6. GENRELLE UTVALINGSTREKK I SAMFUNNET

Det er sterke haldepunkt for at befolkninga sin livsstil går i ein meir passiv retning, dette mykje grunna at samfunnsutviklinga har medført at kravet til dagleg fysisk aktivitet er redusert. Inaktivitet er ein av dei største risikofaktorane for mange av livstilsjukdomane som overvekt, diabetes, muskel- og skjelettlidingar og psykiske lidingar.

Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet anbefalar at barn og unge bør utøve minimum 60 minuttar fysisk aktivitet kvar dag, intensiteten bør vera både moderat og høg.

Minimumsanbefalinga for voksne og eldre er minst 150 minuttar moderat fysisk aktivitet eller 75 minuttar med høg intensitet per veke.

### **Born og ungdom**

- Blant 6-åringane viser registrert aktivitet at cirka 50 prosent av våken tid brukast i ro, blant 9-åringane er tilsvarande tal 60 prosent, mens 15-åringane bruker 70 prosent av dagen til inaktivitet.  
(Helsedirektoratet: Fysisk aktivitet blant 6-, 9- og 15-åringar i Norge. Resultater fra en kartlegging i 2011, frå 2012)
- Dagens 15-åringar er mindre aktive enn pensjonistar, og berre halvparten av dei oppfyller helsemyndigheitene sine anbefalingar om ein time med aktivitet i løpet av ein dag  
(Helsedirektoratet 2012)

Ny forskning syner at det skal mindre "doser" fysisk aktivitet enn tidlegare anteke for å oppnå helsegevinst. (Helsedirektoratet: Aktivitetshåndboken -generelle effekter av fysisk aktivitet) Det er difor viktig å gje mogelegheiter for kvardagsaktivitetar for alle, anten den er organisert eller uorganisert. Det medfører at ein i planlegging av nye nærmiljøanlegg for fysisk aktivitet må sjå på utformingar som stimulerer til variert aktivitet for å tilrettelegge for flest mogeleg ungdommar. Særskilt viktig blir dette å få til på skulearenaen, som er den arenaen som over lengst tid samlar flest ungdommar.

Turstiar, lysløyper og vekt- og styrkerom, er anleggstypar som når store brukargrupper og har ein brei sosialprofil. Det er ein klar trend til auka bruk av anlegg som legg til rette for individuell bruk. (Norges idrettshøgskule 2011:Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet)

Samme rapport meiner at «i tillegg til spillemidlene anbefaler vi at en særlig satser på statlige virkemidler som kan bidra til å fremme a) kollektiv- gang- og sykkeltransport, b) områder for friluftsliv i nærmiljøet, c) uteanlegg knyttet til skoler og barnehager og d) ulike tilpassede aktivitetstiltak i lokalmiljø særlig rettet mot inaktive og lite aktive grupper.» Det passar på mange måtar godt med korleis vi har tenkt rundt denne planen.

## **7. KOMMUNEN SIN IDRETT OG FRILUFTSPOLITIKK**

**Måla som er utarbeida til denne delen er bygd på kommuneplanen sin samfunnsdel:**

Overordna mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år, med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025.

Dette målet ligg som overordna for denne planen også.

### Hovudmål denne planen:

Sikre at innbyggjarane i Fjaler kommune får gode tilhøve for friluftsliv og fysisk aktivitet slik at dei kan utvikle seg ut frå eigne interesser og førestnader, samt å motivere innbyggerane til å vere fysisk aktive.

### Delmål 1:

Motarbeide trenden om at det er sosiale forhold som inntekt og utdanning som påverkar fysisk aktivitet.

#### Strategi:

*Samarbeide på tvers av etatane i kommunen – og mellom kommunale, private og frivillige aktørar for å fange opp dei som treng spesiell tilrettelegging.*

Tiltak:	Ansvarleg:	Kostnad:	Når:
Tilrettelegge område og aktivitetar det ikkje kostar noko å bruke t.d. nærmiljøanlegg og naturbasert friluftsliv i nærmiljøa	Kulturleiar gjennom innspel og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.	Bør vera dekkja av eksterne midlar som spelemidlar, søknad fond og dugnad.	Heile perioden
Opprette utstyrssentral	Folkehelsekoordinator	Har søkt Gjensidigestiftinga om 260 000. Vert berre gjennomført dersom støtte.	2018 dersom ekstern støtte
Etablere lågterskeltilbod som aktiv på dagtid, turgrupper. Fleire tilbod også i grendene.	Folkehelsekoordinator og ergoterapeut	Innafor dagens budsjett.	2018
Søkje tilgjengelege midlar til transport, treningsavgift, utstyr og andre ting som kan vera barriere for å trene.	Kulturleiar og folkehelsekoordinator	Følgje med på eksterne stønadsordningar	Heile perioden

### Delmål 2:

Arbeide for at ungdom mellom 13 og 25 år framleis er fysisk aktive

#### Strategi:

*Hindre fråfall i den organiserte idretten og ha gode alternativ for dei som likevel vel å ikkje vera med*

<b>Tiltak:</b>	<b>Ansvarleg:</b>	<b>Kostnad:</b>	<b>Når:</b>
Jobbe for at denne gruppa får gratis eller rimeleg tilbod om trening/aktivitet. Opprette «leksehjelp/open skule» mellom skule og trening for dei som har lang reiseveg.	Folkehelsekoordinator	Sendt søknad til kulturdepartementet. Fins også andre eksterne søknadsordningar(m.a.Bufdir)	2018 dersom ekstern støtte.
Jobbe for at det finnst eit mangfald av aktivitet slik at det fins alternativ dersom ein droppar ut frå den organiserte aktiviteten t.d. aktivitetskarusell der ein kan prøve ut ulike ting i løpet av året.	Kulturleiar og folkehelsekoordinator i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar	Søkjer eksterne midlar	2019
Etablere friluftsvеke for ungdom – gjerne i samarbeid med nabokommunane	Kulturleiar i samarbeid med ungdommens kommunestyre	UK sine egne midlar samt eksterne søknadar. HAFS 2030.	Årleg
Etablere lågterseltilbod retta mot ungdom i Frisklivssentralen.	Folkehelsekoordinator og ergoterapeut	Innafor eige budsjett	2018

### **Delmål 3:**

Sikre høg kvalitet og fleksibilitet på eksisterande og nye anlegg slik at ein får langsiktig og variert bruk og fleire brukargrupper

#### *Strategi:*

*Tenke heilskapleg ved etablering av nye anlegg. Etablere desse nær andre anlegg,busetnad og skule/bhg. Sikre rehabilitering av eksisterande anlegg før ein investerer i nye. Sikre brukarmedverknad ved etablering av anlegg.*

<b>Tiltak:</b>	<b>Ansvarleg:</b>	<b>Kostnad:</b>	<b>Når:</b>
Sikre jamn og god vedlikehald av kommunale anlegg gjennom å etablere faste rutiner for tilsyn.	Årleg gjennomgang Dingemoen idrettspark	Legg inn i økonomiplan ved behov	Kontinuerleg
Sikre jamn og god vedlikehald av andre anlegg gjennom krav om plan for drift når ein skal sende inn spelemiddelsøknad	Kulturkontoret sjekkar søknadar	Ingen	Kontinuerleg

### **Delmål 4:**

Legge til rette for kvardagsmosjon



*Strategi:*

*Jobbe for at folk som har moglegheit for det går/syklar til og frå jobb, skule og fritidsaktivitetar og at folk har eit nærmiljø som er tilrettelagt for fysisk aktivitet.*

<b>Tiltak:</b>	<b>Ansvarleg:</b>	<b>Kostnad:</b>	<b>Når:</b>
Etablere samanhengande lyssette sykkel og gangveggar	Må samordnast med Trafikktryggingssplan og områderegulering Dale	Noko prosjektering ligg inn – bør få inn midlar til prosjekteting Dingemoen Håland	2019
Etablere/synleggjere fleire turveggar/turstiar	Kulturkontoret i samarbeid med frivillige lag	Innafor dagens budsjett	Heile perioden
Sette i gang haldningskampanjar lokalt for kvardagsmosjon	Folkehelsekoordinator	10 000	2018
Jobbe for meir lyssetting Dingemoen-Håland	Må samordnast med Trafikktryggingssplan og områderegulering Dale	Jmf. punkt over. Sette av midlar til prosjektering	2019

## 8. RESULTATVURDERING AV FØRRE PLAN

Det har ikkje vore noko anna evaluering av førre plan enn at noverande arbeidsgruppe har gått gjennom tiltaka frå førre plan når dei har laga nye tiltak. Når det gjeld tiltak som var skildra i tekstdelen i førre plan så har det ikkje vore jobba planmessig for å nå desse – men ein ser likevel at nokon mål er nådd – mens andre er kontinuerleg arbeid som ein nok aldri vert 100% ferdig med t.d. det å drive haldningsskapande arbeid som stimulerer til fysisk aktivitet.

Nokre av hovudmåla frå førre plan har vi likevel valt å ta ut. Det eine er gode haldningar innan organisert idrett. Dette er framleis like viktig, men vi tenker idrettslaga jobber godt med dette sjølv, utan kommunal innblanding. Det andre er å auke interessa for symjing. Dette målet har vi på mange måtar nådd med ein symjeklubb med over 100 medlemmar og som gjennom dei siste åra har hatt fast vasstilvenning for mange førskuleborn i kommunen, samt kompetanseheving av lærarar i skuleverket.

I den nye planen har vi freista å laga 4 mål som kulturkontoret og folkehelsekoordinator skal ha hovudansvar for – men som vi skal samarbeide med andre delar av kommunen for å få til.

Når det gjeld realisering av anlegg har det vore stor aktivitet – og denne aktiviteten er meir målbar. Ein har i denne perioden fått rehabilitert og gjeve eit løft til Fjalerhallen. Ein kan vel trekke fram helsestudiodelen av utbygginga som særleg vellukka då den har gjeve stor aktivitet og nye brukargrupper – særleg av ungdom.

### **Nærmiljøanlegg:**

#### **REALISERT:**

*Opprinneleg plan:*

1. Uteområde Fjaler ungdomsskule – fotballbane med kunstgras 30x50 meter
2. Ballbinge Haugland
3. Sandbaneanlegg Badevika

*Rullert inn seinare:*

4. Uteområde Fjaler ungdomsskule – 60 meter løpebane og lengdegrop (skal framleis stå fordi vi kan få noko meir tilskot ved å gjenta søknad)
5. Ballbinge Flekke skule
6. Klatrepark i Dale (har ikkje fått spelemidlar – skal difor framleis stå i handlingplanen)
7. Bocciabane i Dale (realisert utan spelemidlar)

**IKKJE REALISERT:**

8. Turveg ytre Haugland(vart rullert inn i 2016, med litt for mange manglar. Har ikkje sendt inn spelemiddelsøknad, og i ny plan har vi ikkje tatt den inn i prioritert liste)

Alle desse er gjennomført med unnatak av turveg ytre Haugland som vart rullert inn desember 2016.

**Ordinære anlegg:**

**REALISERT:**

Opprinneleg plan:

1. Rehabilitering av 100 meter skytebane Stavsdalen
2. Utviding/rehabilitering Fjalerhallen – helsestudio/spinning
3. Utviding/rehabilitering Fjalerhallen – lager
4. Utviding/rehabilitering Fjalerhallen – nytt dekke/golv
5. Utviding/rehabilitering Fjalerhallen – skifte av tak
6. Rehabilitering av kunstgras på Dingemoen idrettspark
8. Rehabilitering klubbhus Dale skyttarlag i Stavsdalen
9. Turveg over Badevika med lyssetting (realisert utan spelemidlar)

Rullert inn seinare:

10. Utviding/rehabilitering Fjalerhallen – nye lys

**IKKJE REALISERT:**

7. Rehabilitering av veg og lyssetting på "Den Trondhjemske Postveg" Flekke – Stav

Alle desse prosjekta er også realisert med unnatak av tiltak 7 Rehabilitering av veg og lyssetting på «Den Trondhjemske Postveg» Flekke – Stav som ventar på utbygging av straumkabel mot Lutelandet. Prosjekt 8 og 10 må framleis ligge inne i handlingplan sidan dei framleis står i kø for å få spelemidlar.

## 9. FORHOLD TIL ANDRE DELER AV KOMMUNEPLANEN

Vi ser at vi har sikra arealbehova til idrett og friluftsliv i Kommuneplan for Dale sin arealdel. Vi må i det vidare arbeidet følge opp Kommunedelplanen sin arealdel for heile Fjaler som vert jobba med i 2017. Vi må også sikre at tiltak vert fulgt opp i økonomiplanen.

## 10. PLANPROSESSEN

Fjaler kommunestyre vedtok 14.03.16. oppstart av revidering av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Det vart utarbeida eit planprogram som har vore til offentleg ettersyn. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med to politisk valte representantar med Kjetil Fristad(AP) og Ivar Selvåg(SP). I tillegg sat Jonny Pedersen frå Fjaler idrettsråd, Arne Strand frå skyttarmiljøet, Christine Nikøy frå Barnas turlag Fjaler, Ida Haugsbø frå oppvekst, Åge Guddal og Siren Juliussen frå teknisk kontor, Malene Solheim frå Råd for menneske med nedsett funksjon, Inga Haaland som folkehelsekoordinator. Kultursjef Ingeborg Tysnes har koordinert innspela og skrive planen. Det har vore 4 møte i gruppa.

Mandag 9. mai 2016 vart ein slags oppstart av planen då Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv hadde opne møte for både politikarar, administrasjon og frivillige lag og organisasjonar. Innspel frå dette møtet har vorte teke med vidare i tillegg til innspel til planprogram.

Framdriftsplanen har vorte noko forsinka då ein endra dato for framlegging frå 17. oktober til 14. november 2016.

## 11. SKILDING AV NOSITUASJONEN FOR KOMMUNEN

Oversyn over idretts-/fritidstilbod

Lag	Medlemstal 2007	Medlemstal 2011	Medlemstal 2015	Tilbod for medlemmar
Dale idrettslag	450	663	662	Fotball – Barneidrett – Handball – Volleyball – Ski – Turgruppe (tilrettelegging av sti)-Sykkelgruppe/Spinning –Badminton
Fure idrettslag	130	157	249	Fotball – Barneidrett – Alltrening for ungdom – Trim
Hellevik idrettslag	110	44 (fam.medl)	94	Bading – trim – friluftsliv – aktivitetsskveldar
Svint idrettslag	226	169 (150 fam.medl)	142	Alltrening frå 5 år –jympa – friidrett – styrke/sirkeltrening – ski –fjelltrim/turgruppe
Fjaler symjeklubb			108	Babysymjing, vasstilvenning frå 4 år og symjeopplæring.
Fjaler og omegn motorsportklubb	70	39	31	Køyring med ATV på bane
Dale skyttarlag	245	324	146	Baneskyting, feltskyting – miniatyrskyting
Stroka skyttarlag		92	?	Baneskyting, feltskyting – miniatyrskyting
Tyssedal skyttarlag			45	Baneskyting-100metersbane, jegerskyting
Indre Sunnfjord turlag og Barnas turlag	112	62		Fjellturar og utearrangement som er tilrettelagt for born. Ca ein gong i månaden.
Fjaler revmatikarlag	76	85		Fredagsdans ein gong i månaden, felles tur rundt

				Elvestien og vassgymnastikk
Korssund dykkarklubb				
Torsdagsdansen	40	40		Dans for folk i alle aldrar- ungdomslaga i Dale, Flekke og Straumsnes + UWC i samarbeid.
Fjaler danseverkstad		48	50	Dans formidla frå ungdom til ungdom – 3. klasse og oppover.
Fjaler seniordans		12	14	Nystarta i 2011. Trenar ein gong i veka.
Dale ungdomslag/barneleikarring	20	20	20	Folkedans. Førskuleborn og småtrinnet.
Barnekor Dale, Guddal, Våge	40	40	42	Song med bevegelse

#### (SEMI) -KOMMERSIELLE TILBOD

**SAMSPEL** – Naturbasert trening og kosthaldsveiledning. Trening ulike stader i kommunen fleire gongar i veka.

<http://samspelnat.wix.com/samspel#!home/mainPage>

**fETt** – styrke/aerobic. Treningar på Fjaler ungdomsskule ca to gongar i veka.

<https://www.facebook.com/groups/tren.fETt/?fref=ts>

**Yoga** – Lesley Robertson – now yoga og ernæring. Trening Flekke, Dale og Haugland fleire gonger i veka.

<http://lesleyrobertson.wix.com/nowyogaogernaering>

**Bading på Haugland** – offentlig bading fredag og laurdag. Fysvass ein gong i veka.

<https://www.rkhr.no/framsida/badeland/>

**Treningssenteret på Haugland.** Må vera medlem av Svint IL for å bruke dette. Er drive av Røde kors Haugland rehabiliteringssenter.

<https://www.rkhr.no/framsida/badeland/tilbud/styrkerom/>

Kajakkpadling

<https://www.facebook.com/SnjostormOppleving>

I tillegg har vi nokre frivillige organsiasjonar som driv med og tilrettelegg for friluftsliv og fysisk aktivitet.

Oversikt over eksisterande anlegg:

Sjå [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)

## 12. VURDERING AV AKTIVITET OG FRAMTIDIGE BEHOV

Fjaler har mange tilbud innan organisert idrett – og har mange idrettslag som på mange måtar utfyller kvarandre. Det er desidert størst aktivitet knytt til Dale idrettslag. I tillegg har vi

ungdomslag, revmatikarlag og andre som organiserer aktivitetar innan fysisk aktivitet for fleire grupper. Som oversikta over nosituasjonen viser så har det kome fleire semikommersielle tilbod siste åra– noko som gjev eit mangfald av aktivitet særleg for vaksne (yoga, aerobic, styrketrening m.m.)

Vi ser at vi manglar nokre tilbod innafør det organiserte friluftslivet. Det vart for ein del år sidan rydda meir enn 20 stiar i heile kommunen – og mange grendelag og idrettslag gjer ein god jobb i å utvikle nye stiar og halde dei eksisterande vedlike. Men fleire etterlyser meir organiserte aktivitetar knytt til desse stiane og knytt til kano/kajakk-aktivitet på fjorden. Vi har Barnas turlag, men føler at det manglar noko for ungdom og vaksne som kan få fleire og nye grupper ut i naturen. Ungdommens kommunestyre har sjølv teke initiativ til ei friluftsvеke for ungdom som vart arrangert i samarbeid med Hyllestad og Fjaler over tre dagar i august 2015 – men dei seier sjølv at dei kunne tenke seg fleire organiserte tilbod.

### 13. HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG OG PLANLAGT GJENNOMFØRING

Når ein ser på vedlegget: «Handlingsprogram anlegg 2017-2020 så kan det sjå ut som det vil bli lite aktivitet på anleggssida dei neste åra. Grunnen til dette er at det er sett strengare krav til å komme inn på den prioriterte lista:

Krav dersom eit anlegg skal inn på prioritert liste over anlegg i handlingsplanen:

1. Idrettsfunksjonelt førehandsgodkjende planar for anlegget med behovsoppgåve
2. Detaljert kostnadsoverslag
3. Dokumentasjon av dei ulike delane av finansieringsplan
4. Plan for drift av anlegget
5. Rett til bruk av grunn

Sjå side 15 og 16 i «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016»

Handlingsdelen av kommuneplanen skal rullerast årleg. Ved den årlege rulleringa skal kommunen hente inn synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsdelen.

Vi ser at det er fleire store planar knytt til området rundt Dingemoen skule og Dingemoen idrettspark. Fjaler kommune ser eit behov for å tenke heilskap og langsiktig rundt dette området. Det er enno ikkje konkludert med korleis utbygginga av Dingemoen skule vil verte – og vi ser det difor som nødvendig å sette fortsette med dagens arbeidsgruppe for å lage ein heilskapleg plan. Vi ber om at det vert sett av 250 000 til å prosjektere dette.

Innspel knytt til dette er:

- Rehabilitering av friidrettsbane
- Flytting av innandørsskytinga til Dale skyttarlag dersom dei må ut av Gamle Dingemoen skule

- Sikre gode uteområde for Dingemoen skule
- Sikre innandørs treningsareal for Dingemoen skule
- Kaldhall for fotball
- Kjem nokre av desse andre innspela i konflikt med eksisterande ATV-bane (jmf. regional plan vil dei ikkje få spelemidlar til ny bane)
- Tribune og klubbhus knytt til kunstgrasbana
- Ei betre samankobling mellom øvre og nedre Dingemoen

Det må i forarbeidet avklarast kven som skal stå for dei evt. utbygginga, sikre ei god driftsform og sikre at området fungerer som ein heilskap for flest mogeleg.

### **Vedlegg 1.**

Handlingsprogram for anlegg

## **14. LANGSTIKTIG DEL**

### **Vedlegg 2.**

Program for uprioriterte anlegg